




SOGNDAL KOMMUNE

Me byggjer framtida

**Kommunen sin årlege rapport om grunnskulen
2010**



Innhold

Bakgrunn	3
Status	3
Økonomisk resultat	4
Trivsel og læringsresultat – nasjonale prøver og eksamensresultat	5
Utviklingsoppgåver	10
Tilsette	12
Spesialundervisning	12
Tilsyn	13
Gjennomføring av strategisk skuleplan	14
Andre utviklingsprosjekt	15
Fjærland skule	15
Norane skule	15
Kaupanger skule	15
Trudvang skule	16
Sogndal ungdomsskule/Kvåle skule	16
Oppsummering.....	17



Bakgrunn

I følgje opplæringslova §13-10 skal det utarbeidast ein årleg rapport om tilstanden i grunnskuleopplæringa knytt til læringsresultat. Den årlege rapporten skal drøftast av skuleeigar.

I følgje departementet bør rapporten knytast til dei måla og indikatorane for kvalitet som går fram av St.meld. nr. 31 (2007 – 2008) – Kvalitet i skulen.

Nasjonale mål

Alle elevar som går ut av grunnskulen, skal meistre grunnleggjande dugleikar som gjer dei i stand til å delta i vidare utdanning og arbeidsliv (læringsresultat).

Alle elevane skal inkludertast og oppleve meistring (trivsel og mobbing).

St.meld. nr. 31 – Kvalitet i skulen.

I tillegg kan rapporten omtale andre tilhøve som skuleeigar meiner er føremålstenleg ut i frå lokale behov.

I Sogndal kommune sin rapport om grunnskulen vert det rapportert på dei politiske resultatmåla som ligg i økonomiplanen – desse omfattar òg læringsresultat og trivsel.

Vidare omfattar rapporten spesialundervisning, tilsyn og gjennomføring av strategisk skuleplan. I tillegg gjer kvar skule greie for andre utviklingsoppgåver dei arbeidar med.

Den årlege rapporten om grunnskulen er ein del av skulen sitt kvalitetssystem jf. strategisk skuleplan 2010 – 2013, og skal vere ein del av grunnlaget for dialogmøtet kvart år.

Status

Årsverk, tal tilsette, elevar, grupper

	Trudvang skule	Sogndal u.skule/Kvåle skule	Kaupanger skule	Norane skule	Fjærland skule	Sum
Årsverk	42,7	29,5	26,5	7,1	4,6	110,4
Tal lærarar	41	26	25	6	6	104
Elevar	434	216	200	48	34	932
Grupper	20	9	10	3	3	45

Årsverk = administrasjon, pedagogar og fagarbeidarar/assistentar

Elevar fordelt på årssteg

Årssteg	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	Sum
Trudvang skule	58	68	58	66	67	61	56				434
Sogndal ungdomsskule								75	74	67	216

Årssteg	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	Sum
Kaupanger skule	23	16	20	14	21	20	28	16	16	26	200
Norane skule	7	8	6	11	4	5	7				48
Fjærland skule	6	6	7	5	4	1	5				34
Sum	94	98	91	96	96	87	96	91	90	93	932

Kostratal	Sogndal			Gruppe 8
	2008	2009	2010	2010
Skule				
Korrigerte brutto driftsutgifter grunnskuleundervisning pr. elev	63482	68418	75307	72010
Korrigerte brutto driftsutgifter grunnskule pr. elev (inkl. lokale/skyss)	77670	85157	91705	87406
Gjennomsnittleg gruppestorleik 1-4 årstrinn			11,9	13,4
Gjennomsnittleg gruppestorleik 5-7. årstrinn			12,5	13,1
Gjennomsnittleg gruppestorleik 8-10. årstrinn			13,4	15,1

Økonomisk resultat

Resultatmål: Vi skal ikkje ha avvik i høve til budsjettet

Tenesteeining	Mindreforbruk	Meirforbruk	Merknader
Skulane i sentrum	1 001 000		Avviket skuldast auka inntekter og sjukepengerefusjonar som ikkje var budsjettert, samt effektiv drift.
Kaupanger skule	207 000		Avviket skuldast mellomlegg vikarar og lærarar i permisjon og effektiv drift i skulefritidsordninga
Norane skule	15 000		Ingen merknader
Fjærland skule		163 000	Avviket skuldast større investeringar enn budsjettert grunna føring av fellesutgifter for heile eininga på skule og slitasje på utstyr. Meirforbruket er dekkja innan tenesteeininga sitt totale budsjett.
Sum	1 223 000	163 000	

For Norane og Fjærland er ikkje barnehagen med. SFO er med på dei skulane som har det.

Trivsel og læringsutbytte – nasjonale prøver og eksamensresultat

Resultatmål:

1. Elevane sin trivsel skal minst ligge på landssnittet
2. Vi skal ha ein skule utan mobbing

Resultatmål:

Gjennomsnittleg resultat for lesing, rekning og engelsk for 5., 8. og 10. årssteg skal minst liggje på landsnittet.

Fjærland skule

	Skulen	Kommunesnitt	Fylkessnitt	Landssnitt
Trivsel 5. - 7.trinn	4,1	4,5	4,4	4,4
Mobbing 5. - 7.trinn	1,2	1,4	1,4	1,4
Motivasjon 5. - 7. trinn	3,9	4,3	4,2	4,2
Fagleg rettleiing 5. - 7. trinn	4,0	3,5	3,5	3,4

Oppfølging

Grunna få elevar kan ikkje resultatane frå nasjonale prøver i 5. klasse offentleggjerast. Vi har fokus på motivasjon og fagleg oppfølging gjennom oppgåver med ulik vanskegrad på arbeidsplanane til elevane og varierte arbeidsmetodar i klasserommet. Elevundersøkinga vert nytta på heile mellomsteget, og tabellen syner resultatane for 5. -7. klasse samla. Skulen jobbar vidare med elev- og læringsmiljøet gjennom vennepar på tvers av aldersgruppene og felles sosiale aktivitetar for heile skulen og heile oppvekstsenteret.

Norane skule

	Skulen	Kommunesnitt	Fylkessnitt	Landssnitt
Trivsel 5.- 7.trinn	4,3	4,5	4,4	4,4
Mobbing 5. - 7.trinn	1,5	1,4	1,4	1,4
Motivasjon 5. - 7. trinn	4,3	4,3	4,2	4,2
Fagleg rettleiing 5.- 7.	3,4	3,5	3,5	3,4
Nasjonale prøvar				
Lesing 5.trinn	2,8	2,1	2,0	2,0
Engelsk 5.trinn	2,3	2,1	2,0	2,0
Rekning 5.trinn	2,8	2,2	2,1	2,0

Trivselsgranskinga vert nytta på heile mellomsteget. Tabellen syner såleis resultatane for 5. – 7. trinn.

Oppfølging

Oppfølging læringsmiljø:

Resultatane frå elevundersøkinga våren 2010 er gode for Norane skule. Samanlikna med året før har vi betre resultat på motivasjon og mobbing. Trivsel er stabil, medan fagleg rettleiing utfordrar oss noko. Avvik på mobbing er identifisert og oppfølgt. Tiltaksplan etter undersøkinga seier følgjande:

FORBETRINGSPUNKT Skala: 1(svært lite nøgd) – 5 (svært nøgd)	TILTAK	STATUS
Trivsel Resultat 2010: 3,72 Mål; Vi skal jobbe med elevane sin motivasjon i skulearbeidet og få resultatet i ” har du lærarar som gir deg lyst å jobbe med faga” opp til 4,0. Mål 2011: 4,0	<ol style="list-style-type: none"> 1. Variere motivasjonsfasen, tilnærme oss nytt stoff slik at elevane får lyst å lære meir. 2. Bli flinkare til å dra MiLL inn i den daglege undervisninga → ulike måtar å tilnærme seg eit stoff på. 3. Bruke lærarplakaten i ”MiLL i praksis”, aktivt i planlegginga av eit tema. 4. Variasjon – bli flinkare å nytte nyare skulemateriell, bøker/ filmar... som fengar elevane 5. Bli gode på undervegsvurdering og framovermeldingar. 6. Vurdere dagens arbeidsplanar. 	Kontinuerleg arbeid i gang
Arbeidsmiljø Resultat 2010: 2,21 (må lærarane bruke mykje tid på å få ro i klassa?) Mål: Vi skal jobbe med arbeidsro i klassen generelt og spesielt med å komme i gang med timane. Mål 2011: 2,0	<ol style="list-style-type: none"> 1. Rydde på/ rundt pultane etter kvar time/økt 2. Setje ting på plass att etter at dei er brukte 3. Halde orden i gangen 4. Marker oss meir som vaksne, ikkje tillate svaring utan at dei vert spurde 5. Rekkje opp handa og vente på tur utan at namnet på læraren vert ropt ut 6. Gje gult/ raudt kort for uro i timane (Legge eit gult kort på pulten som åtvaring, no har du uroa for mykje. Etter 3 gule kort , vert det raudt og me tek kontakt med heimen) Dette punktet har fungert godt. 7. Vere tydelege på at ikkje alt er ”diskuterbart” (kan heller ta diskusjonen etter på ”Eg kjem bak til deg etterpå”). 8. 5 fokusmoment om klasseleing 	Kontinuerleg arbeid
Motivasjon / Læring Vi må bli flinkare til å differensiere elevane sine oppgåver Korleis er oppgåvene du får på skulen? Resultat 2010: 3,21 Mål 2011: 3,5	<ol style="list-style-type: none"> 1. Skal vi klare å motivere elevane, må me ha oppgåver med ulik vanskegrad. Her må vi inn å vurdere arbeidsplanen som elevane får. 2. La elevane få bruke dei sterke sidene sine meir (MiLL). 3. Også utfordre dei ”flinke” 	Kontinuerleg arbeid

Resultata frå skuleporten knyt til mobbing syner 1,5. Førebygging av mobbing er eit kontinuerleg arbeid ved Norane skule:

- Handlingsplan om mobbing
- Jobbe i aldersblanda grupper
- Mobbing som tema i elevsamtalar og på klassemøte
- Synlege vaksne som bryr seg
- Kartlegging og brukargranskningar → Finne og fjølge opp avvik. Grundig analyse for intern læring
- Presentere resultat på storforeldremøte
- Lokal trivselsgranskning
- Tema i foreldreutval og samarbeidsutval
- Følgje opp tiltaksplan
- Eigen mobbeplan i barnehagen
- Fokus på Opplæringslova § 9a, 3-5 (eleven sitt psykososiale arbeidsmiljø)
- Gjennomgang av ny rettleiar frå Utdanningsdirektoratet.

Oppfølging resultat nasjonale prøver:

Resultat frå nasjonale prøver 2010 er for Norane skule svært gode. Vi ligg godt over kommune- og landssnitt i alle tre faga. For ein skule med få elevar kan resultata svinge mykje frå år til år. Vi trur likevel at vårt systematiske analysearbeid etter prøvene er med å heve resultatnittet.



Kaupanger skule

	Skulen	Kommunesnitt	Fylkessnitt	Landsnitt
Trivsel 7.trinn	4,5	4,5	4,4	4,4
Mobbing 7.trinn	1,2	1,4	1,4	1,4
Trivsel 10.trinn	3,9	4,5	4,4	4,3
Mobbing 10.trinn	1,4	1,3	1,3	1,4
Motivasjon 7. trinn	4,5	4,3	4,2	4,2
Fagleg rettleiing 7.	4,0	3,5	3,5	3,4
Motivasjon 10. trinn	3,9	3,9	3,9	3,8
Fagleg rettleiing 10.trinn	3,2	3,1	3,1	3,1
Nasjonale prøvar				
Lesing 5.trinn	1,9	2,1	2,0	2,0
Engelsk 5.trinn	2,1	2,1	2,0	2,0
Rekning 5.trinn	2,0	2,2	2,1	2,0
Lesing 8.trinn	3,2	3,1	3,1	3,1
Engelsk 8.trinn	3,6	3,2	3,1	3,0
Rekning 8.trinn	3,6	3,6	3,3	3,1
Lesing 9.trinn	4,3	4,1	3,6	3,5
Rekning 9.trinn	4,1	4,1	3,6	3,4
Skriftleg eksamen				
Norsk hovudmål	Ikkje eksamen			
Norsk sidemål	Ikkje eksamen			
Engelsk	4,1	3,9	4,1	3,8
Matematikk	Ikkje eksamen			

Oppfølging

Skulen har gode resultat på brukarundersøkinga, men vi kunne ha vore betre på trivsel for 10. klasse. Her vart det sett i gang tiltak, og 10. klasse forlot skulen med mange positive tilbakemeldingar. Skulen har dagleg fokus på antimobbearbeid og elevane sine rettar etter §9a-3 i Opplæringslova (eleven sitt psykososiale arbeidsmiljømiljø). Avvik har vore tekne opp i elev- og foreldresamtalar og tiltak sett i verk.

Resultata på nasjonale prøver er på landsnittet i 5. klasse, og det er i år som forventa. På ungdomssteget er resultata framifrå i engelsk og rekning for 8. klasse og høgt over landsnittet i lesing og rekning for 9. klasse. Skulen arbeidar grundig med prøvane i etterkant for ny motivasjon/progresjon for kvar enkelt elev. Lærarane på mellomsteget har møte med alle lærarane på småskulen for å drøfte/gjennomgå oppgåver og eventuelt setje inn tiltak. Det same opplegget vert gjennomført mellom ungdomsskulen og mellomsteget.

Trudvang skule

	Skulen	Kommunesnitt	Fylkessnitt	Landsnitt
Trivsel 7.trinn	4,5	4,5	4,4	4,4
Mobbing 7.trinn	1,4	1,4	1,4	1,4
Motivasjon 7. trinn	4,3	4,3	4,2	4,2
Fagleg rettleiing 7.	3,5	3,5	3,5	3,4
Nasjonale prøvar				
Lesing 5.trinn	2,2	2,1	2,0	2,0
Engelsk 5.trinn	2,2	2,1	2,0	2,0
Rekning 5.trinn	2,2	2,2	2,1	2,0

Merknad: Skulen sine resultat på trivsel kjem frå elevundersøkinga som er teken i 7. klasse. Trudvang skule køyrer si eiga trivselsgransking for dei andre elevane. Resultatet frå denne granskinga finn ein ikkje i "skuleporten" (nasjonal portal for skuledata).

Oppfølging

Resultata frå elevundersøkinga på 7. klassetrinn syner eit resultat på landsnittet. Resultatet er på same nivået som i 2009. Alle identifiserbare avvik på mobbing er følgt i samsvar med skulen sin trivselsplan.

I tillegg til elevundersøkinga gjennomfører Trudvang skule si eiga trivselsgransking for alle elevar. Denne syner eit resultatet som er tilnærma likt elevundersøkinga. For å halde på den gode elevtrivselen, arbeidar skulen vidare med den breie planen vi har for trivselsfremjande tiltak.

Stikkord frå denne planen er:

- God klasseleiing som òg inneheld tilpassa opplæring til den einskilde.
- God oppfølging av elevar som har utfordringar knytt opp mot negative åtferd.
- Fellesprosjekt på tvert av klassar og trinn.

Trudvang skule har resultat signifikant over landsnittet i nasjonale prøvar for faga norsk, engelsk og matematikk.

Skulen jobbar godt med oppfølging av dei nasjonale prøvene og analyserer resultat for å finne emne i faga der vi må setje inn auka innsats mot tidlegare i skuleløpet.

Stikkord i dette arbeidet er:

- Fokus på tidleg innsats
- Tverrgående kompetansetiltak i personalgruppa
- Pedagogisk forankra kartleggingsløp frå og med 1.klasse

Sogndal ungdomsskule/Kvåle skule

	Skulen	Kommunesnitt	Fylkessnitt	Landsnitt
Trivsel 10.trinn	4,6	4,5	4,4	4,3
Mobbing 10.trinn	1,3	1,3	1,3	1,4
Motivasjon 10. trinn	3,8	3,9	3,9	3,8
Fagleg rettleiing 10.trinn	3,1	3,1	3,1	3,1
Nasjonale prøvar				
Lesing 8.trinn	3,1	3,1	3,1	3,1
Engelsk 8.trinn	3,2	3,2	3,1	3,0
Rekning 8.trinn	3,6	3,6	3,3	3,1
Lesing 9. trinn	4,1	4,1	3,6	3,5
Rekning 9. trinn	4,1	4,1	3,6	3,4
Skriftleg eksamen				
Norsk hovudmål	3,7	3,7	3,6	3,5
Norsk sidemål	3,6	3,6	3,7	3,3
Engelsk	3,7	3,9	4,1	3,8
Matematikk	3,6	3,6	3,5	3,2

Oppfølging

Skulen får gode tilbakemeldingar på brukarundersøkingane. Vi har resultat på eller over både lands- og fylkessnittet. Der vi eventuelt ligg mykje under landssnittet, vert det utarbeidd ein tiltaksplan. Når det gjeld skriftleg eksamen i engelsk, har skulen over fleire år arbeidd aktivt med å betre snittet. Utviklinga har vore jamt stigande frå 3,2 til 3,7. Faget har mellom anna vorte delt på 10. trinn, og vi har lagt større vekt på engelsk skriftleg. Dei munnlege eksamenskarakterane har heile tida vore over fylkes- og landssnittet.

Utover dette har skulen stort fokus på:

- Styrking av elevdemokratiet og medansvar
- Vidare arbeid med tiltak mot mobbing
- Oppfølging av ordens- og trivselsreglar.

Utviklingsoppgåver

Resultatmål	Resultat
Vi skal følgje opp strategisk skuleplan og "Sats på skulen – snu Sogn" programmet med vekt på <ul style="list-style-type: none">• tilpassa opplæring og læringsstrategiar• overgang ungdomsskule/vidaregåande skule• dei regionale nettverka• å styrke samhandlinga mellom skuleeigar og skuleleiar. Kulepunkt 3 og 4 er òg del av "Sats på skulen – snu Sogn" programmet.	Det er sett i gang eit prosjekt om tilpassa opplæring/spesialundervisning som ein del av KS sitt samhandlingsprosjekt. Dette vil verte ferdigstilt i 2011. Alle skulane har jobba med læringsstrategiar og har delteke i dei regionale nettverka. Det er etablert eit godt samarbeid mellom rådgjevarane på ungdomssteget og på vidaregåande skule – og eit samarbeid mellom ungdomsstega på Kaupanger skule og Kvåle skule. Det er utarbeidd eiga pedagogisk årsmelding i samband med dialogmøtet. Det har vore eitt temamøte i kommunestyret med skule som skule som tema. Kommunen er representert i programstyret for "Sats på skulen – snu Sogn".
Vi skal gjennomføre eit fellesprosjekt skule – barnehage knytt til sosial kompetanse (F).	Skulen har jobba mykje med venepar sett saman på tvers av aldersgruppene, og i tillegg har ein hatt felles økter med tema sosial kompetanse for heile oppvekstsenteret.
Rettleiing for tverretatleg samarbeid for barn og unge i kommunen skal vere teken i bruk.	Rettleiaren er presentert for tilsette både i skule og barnehage. Rutinane er tekne i bruk.
System for kvalitetsutvikling for skal vere etablert som del av eit felles kommunalt kvalitetssystem.	Arbeidet er i gang og vil verte ferdigstilt i 2011.
Vi skal implementere ny strategiplan for skulane i Sogndal kommune i skulen sine egne planar.	Strategiplan for skulane er integrert i skulen sine planar.
Vi skal implementere plan for overgang barnehage – skule i eigen organisasjon.	Kommunale retningslinjer for overgang barnehage – skule er tekne i bruk og innarbeidd i egne årsplanar.
Vi skal ha fokus på internasjonalt samarbeid gjennom Comenius og samarbeid med HSF (K).	Vi har slutført prosjektperioden med skular i Ungarn og England. Rapport er godkjend av Senter for internasjonal utvikling (SIU), og skulen har for 3. gong vore omtala i "Europavegen" – SIU si avis som vert sendt ut til alle skular i Noreg.

Resultatmål	Resultat
Vi skal vidareutvikle entreprenørskaps- arbeid på barnsteget og utdjupe og leggje til rette for aktiv bruk av utdanningsval på ungdomssteget (T+KV).	Planane er no gjennomgåande 1.-10. trinn. Utdanningsval har ein eigen plan for 7.-10. trinn. Skulane legg til rette og vidareutviklar desse planverktøya i tråd med kommunale og statlege føringar.
Vi skal prøve ut og vidareutvikle nye eksamensformer i nokre av dei munnlege faga der lokalsamfunnet og regionen får ein meir sentral plass, og innføre tverrfagleg eksamen med vekt på prosjektarbeid. (KV)	Nye reglar frå Utdanningsdirektoratet har delvis endra retten til tverrfagleg eksamen. Innanfor dei fastsette rammene har skulen no lagt opp til eksamensformer som gir eleven høve til å leggje fram prosjektarbeid som ein del av presentasjonen under framføringsdelen til eleven.
Vi skal satse på utviklingsarbeid knytt til MiLL og internasjonalt arbeid (T+KV).	Begge skulane satsar aktivt på MiLL ... Kvåle skule er no godkjend som Comenius skule for skuleåra 2010 – 2012. Skulen har delteke på 2 utvekslingsseminar og skal gjennomføre eige seminar i 2011.
Vi skal slutføre byggjesteget II ved Kvåle skule, lage plan for betre utnytting av uteområdet på Trudvang og vurdere eventuelle bygningsmessige endringar.	Byggjesteget II på Kvåle vart ferdigstilt ved årsskiftet. Planarbeidet for uteområdet for Trudvang er starta opp. Tiltak vil verte gjennomført i 2011.
Vi skal planleggje og gjennomføre ei fast organisering for skulane i sentrum, der utdanningsløpet for elevane i skulekrinsen vert 1.-5. trinn og 6.-10. trinn med ein fast personalstab på kvar skule.	Dette er gjennomført pr. 31.12.10. Det er oppretta to tenesteeiningar for skulane i sentrum – Tenesteeining Trudvang skule og Tenesteeining Kvåle skule. Elevane på 6. trinn vert saman med 7. trinn permanent overført frå Trudvang skule til Kvåle skule frå 01.01.11. Alle tilsette er no fast plasserte på dei to skulane.
Vi skal revidere kompetanseplan for skulen og utarbeide eigen rekrutteringsplan.	Tiltaket er utsett til 2011 i påvente av nytt personalsystem med verktøy for kompetansekartlegging.
Vi skal greie ut alternativ til ordinær undervisning for ”teoritrøyte” elevlar.	Vi har laga oversyn over alternative undervisningsarenaer og klarlagt kommunen sitt ansvar i slike saker.
Vi skal utarbeide plan for SFO, medrekna gratis leksehjelp.	Kommunal plan for SFO vart vedteken i kommunestyret den 21.10.10. Ordninga med innføring av gratis leksehjelp vart vedteke av formannskapet den 15.04.10. Ordninga vart sett i verk frå hausten 2010.
Vi skal evaluere og vurdere PP tenesta som ein del av eit pedagogisk utviklingssenter.	Tiltaket er utsett til 2011 mellom anna for å få ei avklaring av mogleg vidareføring av Sogn regionråd si skule- og barnehage-satsing.

F= Fjærland, N=Norane, K = Kaupanger, T = Trudvang, KV=Kvåle skule

Tilsette

Resultatmål	Resultat
Vi skal ha gjennomført medarbeidersamtale med alle tilsette i meir enn 20% stilling.	På all skulane er det gjennomført medarbeidersamtale for alle tilsette i meir enn 20% stillinga med unnatak av ein tilsett.
Sjukefråværet på eininga skal ligge under gjennomsnittleg sjukefråvær for kommunane.	Fjærland 3,6% mot 7,9% i 2009 Norane 4,5% mot 4,9% i 2009 Kaupanger 2,3% mot 3,5% i 2009 Skulane i sentrum 1,9% mot 6,5% i 2009 Landsnittet for dei 3 første kvartala er på 9,2%
Vi skal gjennomføre ”ståstadanalyse” for alle lærarar annakvart år (Kvåle)	”Ståstadanalysen” er gjennomført for Kvåle skule og ungdomsskulen. Dette ”barometeret” syner ein skule i utvikling med fokus på eleven si sosiale og pedagogiske meistring. Dette er eit godt reiskap som skulane nyttar kvart år for vidare arbeid med skuleutvikling.

Spesialundervisning 2010

	Trudvang skule	Sogndal u.skule	Kaupanger skule	Norane skule	Fjærland skule	Samla kommune
Elevar med spesialundervisning	71	30	23	8	3	135
Del elevar med spesialundervisning	16,3%	13,9%	11,5%	16,7%	8,8%	14,5%
Del av lærartimane til spesialundervisning	30%	13,3%	26%	34,1%	16,%	

Utvikling 2005 - 2010

	2005	2006	2007	2008	2009	2010
Elevar med spesialundervisning	95	108	118	131	138	135
Andel elevar med spesialundervisning	9,9%	11,3%	12,5%	13,8%	14,7%	14,5%
Del av lærartimane til spesialundervisning	22,5%	19,4%	18,2%	24,0%	27,6%	24,9%

Vi ser at talet på elevar med spesialundervisning i Sogndal har auka jamt frå 2005 til 2009 for så å gå litt ned frå 2009 til 2010. Del av lærartimane har òg gått litt ned frå 2009 til 2010 hjå oss, men vi er framleis godt over landsnittet, der tala er 8,4% og 17,8%.

Både i fylket og på landsplan har tal elevar med spesialundervisning auka frå 2009 til 2010. På landsplan ser vi òg at den delen av elevane som får spesialundervisning, aukar med høgare årstrinn. Det er ikkje trenden i Sogndal.

Tidlegare kartleggingar og kontrollar har ikkje gjeve klare svar på kvifor vi har høge tal. Høge tal kan òg tyde på at dei som har rett til og behov for spesialundervisning, får det – noko som i seg sjølv ikkje er negativt. Det er òg grunn til å tru at tidleg innsats og meir kartlegging – òg i barnehagane – har resultert i eit auka behov. Nasjonalt har det vore ein auke i talet på barn med psykiske/emosjonelle vanskar. Den same utviklinga ser vi i vår kommune.

Det er framleis viktig at vi har søkjelys på dette området. Dei som har behov for tilrettelagt undervisning, skal få det, og det er viktig at vi set inn rett tiltak til rett tid avhengig av kva for problem eleven har. Strategisk skuleplan 2010 – 2013 har tilpassa opplæring som satsingsområde, og det har vore eit politisk vedteke resultatmål for 2010. Spesialundervisning er ein del av dette satsingsområdet.

I 2010 vart det sett i gang eit utviklingsarbeid knytt til spesialundervisning i skulen som eit delprosjekt i KS sitt prosjekt om auka samhandlingskompetanse. Mål for prosjektet er å skape felles forståing i organisasjonen om forholdet spesialundervisning og tilpassa opplæring og skape gode samhandlingsarenaer i høve til elevar som treng tenester frå fleire kommunale instansar. Prosjektet har deltakarar frå grunnskulen, PP tenesta, helsestasjonen og barnevernet. Arbeidet skal ferdigstillast i 2011.

Tilsyn

Det vart gjennomført forvaltningsrevisjon av området spesialundervisning i grunnskulen i Sogndal kommune i samsvar med forvaltningsrevisjonsplan vedteken i kommunestyret den 18.12.08. Revisjonen vart gjennomført av Deloitte, og tilsynsrapporten låg føre 22.02.10. Kontrollutvalet handsama rapporten den 14.04.10, og kommunestyret vart orientert i møte den 10.06.10.

Føremålet med forvaltningsrevisjonen var å undersøke om elevar med vedtak om spesialundervisning får den opplæringa dei har krav på, og om kommunen har eit tilfredsstillande og kostnadseffektivt system for å sikre dette.

Forvaltningsrevisjonsrapporten hadde følgjande framlegg til tiltak:
Revisjonen vil tilrå at Sogndal kommune:

1. ... sikrar at den einkilde elev sin individuelle rett til spesialundervisning i følgje §5-1 i opplæringslova vert etterlevd.
2. ... sikrar at elevar med vedtak om spesialundervisning får utarbeidd IOP i samsvar med opplæringslova §5-5, 1. ledd.
3. ... sikrar at sakshandsamingsrutinane knytt til spesialundervisning er i samsvar med krava i kapittel 5 i opplæringslova og forvaltningslova §11a.
4. ... sikrar at PPT sine sakkunnige vurderingar er i samsvar med opplæringslova §5-3.
5. ... vurderer å gjennomføre ei kartlegging av årsaker til den høge prosentdelen spesialundervisning i kommunen for å kunne setje inn tiltak for å nå kommunen si målsetjing om å redusere talet på vedtak om spesialundervisning.
6. ... syter for at PPT i samsvar med §5-6 i opplæringslova gjennomfører systemretta arbeid på skulane i tillegg til det sakkunnige arbeidet.

Rådmannen gjorde i sine merknader til revisjonsrapporten greie for dei tiltaka som alt er sett i gang:

- Vi har sett i gang arbeidet med å evaluere PP tenesta og utvikle eit pedagogisk utviklingscenter – det vi òg har invitert nabokommunane til eit samarbeid.
- Vi er i gang med å gå gjennom arbeidsrutinane våre som ein del av ferdigstilling av kommunen sitt kvalitetssystem. Dette omfattar òg gjennomgang og implementering av prosedyrar i høve til opplæringslova.
- Spesialpedagogisk hjelp i barnehagen og spesialundervisning i grunnskulen vil vere eit tema i KS prosjektet ”Flink med folk i første rekke”.
- Strategisk skuleplan 2010 – 2013 har tilpassa opplæring som satsingsområde. Spesialundervisning er ein del av dette satsingsområdet. Tilpassa opplæring er òg eit politisk vedteke resultatmål for 2010.

Kontrollutvalet gjort slikt vedtak:

Kontrollutvalet har gjennomgått forvaltningsrevisjonsrapporten frå Deloitte knytt til spesialundervisning. Kontrollutvalet registrerer at administrasjonen har sett i verk fleire tiltak for å betre på svakheitene som Deloitte omtalar i sin rapport. Kontrollutvalet vil be om ei tilbakemelding frå administrasjonen på status på tiltaka innan 01.05.11.

Kommunestyret hadde ingen merknader til kontrollutvalet sin konklusjon.

Fylkesmannen gjennomførte tilsyn med skuleeigar sitt system for å organisere elevane i grupper jf. opplæringslova §13-10 våren 2010.

Tilsynet viste at kommunen hadde eit uklart og ikkje oppdatert delegasjonsreglement og såleis ikkje oppfyller kravet til eit forsvarleg system jf. opplæringslova §13-10.

Følgjande tiltak vart sett i gang:

- Gjennomgang av delegasjonsreglementet for å sikre at alle endringar i opplæringslova er med.
- Gjennomføre endringar i delegasjonsreglementet politisk og administrativt.
- Leggje inn rutinar i kvalitetssystemet for å sikre at naudsynte endringar i delegasjonsreglementet vert gjort fortløpande.

Tiltaka er gjennomførte, og fylkesmannen hadde ikkje merknader til kommunen si oppfølging.

Gjennomføring av strategisk skuleplan

I 1. kvartal 2009 gjennomførte vi ei kartlegging av status for gjennomføring av Strategisk plan for utvikling av skulane i Sogndal 2006 – 2009. Dette vart rapportert i rapport om grunnskulen 2009. Revidert strategisk plan for utvikling av skulane i Sogndal 2010 – 2013 vart vedteken av kommunestyret i desember 2009.

Vi gjennomfører kartlegg at status for gjennomføring av planen annakvart år, slik at neste kartlegging vert i 2012.

Andre utviklingsprosjekt

Fjærland skule

Prosjekt	Omtale	Resultat/status
Sosialt miljø.	Venepar, faste plassar på bussen, felles aktivitetar for heile skulen både innandørs og utandørs.	Betre samhold i elevgruppa og auka trivsel.
Vurdering.	Det pedagogiske kollegiet har lagt eit felles grunnlag for forståing gjennom felles litteraturlesing. I tillegg vert det arbeidd med å finne eit felles skjema for skriftleg halvårsvurdering som får fram det vi ønskjer å formidle.	Felles vurderingsnorm på skulen, og etter kvart i heile kommunen.

Norane skule

Prosjekt	Omtale	Resultat/status
Vurdering for læring.	Vi er med i ei kommunal gruppe som skal arbeide med dokumentasjon og eventuelle læringsmål og læringskriteria.	Arbeidet er i gang med vidareføring i 2011.
Klasseleiing.	5 fokuspunkt henta frå empirisk forskning.	Vert kartlagt etter ny elevundersøking.
Fysisk aktivitet.	Ny form på fysisk aktivitet organisert i ulike lærarstyrde stasjonar.	Alle elevane ved Norane skule er i fysisk aktivitet kvar dag.

Kaupanger skule

Prosjekt	Omtale	Resultat/status
Musikal om Ivar Aasen: "Gramatikk og kjærleik".	Skulen sette opp musikalen i Kulturhuset i mars.	Vi fekk framifrå tilbagemeldingar frå publikum og media.
"Open dag" / Oddvar Torsheim.	To dagar med Torsheim inn mot elevane i kunst/handverk og musikk/song. Opplegget vart avslutta med laurdags-skule/framføring for foreldre, sysken og besteforeldre	Vi fekk framifrå omtale i media og svært gode tilbagemeldingar frå publikum og Torsheim.
"Kultur for vurdering".	Arbeidet er i prosess.	Vi har sett undervegs- og halvårsvurdering i system.

Trudvang skule

Prosjekt	Omtale	Resultat/status
Vurdering for læring.	Deltaking i felles kommunal gruppe som arbeidar fram dokumentasjon og rammeverk rundt dette.	Arbeidet vart sett i gang i 2010 med ferdigstilling våren 2011.
Klasseleiing/generell leiing.	Målet er å styrke læraren/vaksenpersonen som pedagogisk leiar i klasserommet.	Arbeidet vart sett i gang i 2010 med ferdigstilling våren 2011.
Fysisk aktivitet.	Dagleg lærarstyrt fysisk aktivitet med kompetente vaksne med fundament i skulen sine fagplanar.	Dette er ein del av skulen si ordinære drift.

Sogndal ungdomsskule/Kvåle skule

Prosjekt	Omtale	Resultat/status
Internasjonalt arbeid – ”Sunn framtid i Europa”. (Comenius).	Vi har gjennomført 2 besøk i andre land med 4 elevar frå 9. trinn og 2 lærarar knytt til utveksling. Skal gjennomføre 4 besøk til andre land neste skuleår. Elevane skal ha fokus på sunn mat og god livsstil.	God presentasjon frå våre elevar. Svært dyktige i overføring og kommunikasjon og språkkunnskap. Svært gode tilbakemeldingar frå dei andre deltakarane og Comenius.
Vurdering i lys av mål-oppnåing og karakterkriteria.	Felles og individuelt opplegg der alle deltek i minst eitt fag. Ønskje om felles digital plattform gjennom SkoleArena.	Alle tilsette deltek. Utarbeidar no ein felles plattform for alle fag – ein mal.
Arbeid mot rasisme	Arrangere balldag til inntekt for samarbeidsprosjekt.	Oversender årleg ”penge-gåve” til Sør-Afrika eller andre samarbeidsprosjekt. Zulufadder er eit av desse.

Oppsummering

Vi ligg om lag på landsnittet når det gjeld bruk av ressursar, og vi har over tid levert gode resultat når det gjeld læringsmiljø og læringsresultat.

Det vil framleis vere viktig å ha fokus på omfanget og innhaldet i spesialundervisninga. Her vil det òg vere viktig å samarbeide med andre fagområde om eit best mogleg heilskapleg tilbod.

Alle rektorane og inspektørane har gjennomført regionrådet si skuleleiarutdanning, og det er sett i gang ulike type utviklingsarbeid på alle skulane. Vi har så langt hatt ei stabil lærargruppe med god fagkompetanse, men ser at behovet for nyrekruttering vil auke i åra framover. Fylket har i samarbeid med staten hatt ei god ordning med etter- og vidareutdanning, og mange av våre lærarar har nytta seg av tilbodet. Den nye statlege ordninga stiller auka krav til kommunen om tilrettelegging og finansiering.



Utdeling av Dronning Sonja sin skulepris



Kaupanger skule vart vinnar av "Dronning Sonjas skulepris" for 2010. Det var med stor ære og audmjukheit me tok i mot prisen. Me veit at me har ein god skule for elevane, men Kaupanger skule har fortsatt utfordringar knytt til enkelt-elevar sin trivsel og elevane sitt læringsutbytte.

Grunngjevinga for tildelinga seier m.a at skulen har fått prisen for gode og allsidige undervisningsopplegg for ei mangfaldig elevgruppe. Gode resultat på trivselundersøkingar, eksamen og nasjonale prøvar støttar opp om dette. Andre moment som har vore avgjerande er at skulekulturen er prega av stor vekt på ivaretaking av einssildelevane, av gode haldningar og god framferd. Demokratiske prosessar, tilpassa opplæring, samarbeid med lokalmiljøet, organisasjonsutvikling, MOT-skule, internasjonalt samarbeid, entreprenørskap, innovasjon og inkludering av born i asylmottak er og stikkord henta frå juryen si grunngjeving.

2.desember vart ein historisk dag for skulen og for bygda. H.M. Dronning Sonja og andre gjester var godt nøgd med skulen si framtoning denne dagen. Ekstra kjekt var det at Kunnskapminister Kristin Halvorsen, Kommunal- og regionalminister Liv Signe Navarsete og Direktør i Utdanningsdirektoratet Petter Skarheim tok seg tid til å vitje oss. "Me gler oss, kvar dag" vert fortsatt skulen sin visjon for stadig påfyll av energi og entusiasme.

